



## Møtebok for Kommunestyret

**Møtedato:** 23.09.2021  
**Møtestad:** Samfunnshuset Øvre Helland  
**Møtetid:** 09:00 - 15:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Kjetil Eikefet	SA	Ordfører	
Ove Eidsnes	SA	Medlem	
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	
Anne Britt Almelid	SA	Medlem	
Roger Wilhelm Fure	SA	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Varaordfører	
Linda Neset	SO	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	
Sigrunn Almelid Birkeland	SO	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	Meldt forfall
Marit Kristin Nese	SA	Medlem	Meldt forfall
Robert Helland	SO	Medlem	Meldt forfall
Ole Kristian Øvre Helland	SO	Medlem	Meldt forfall

<b>Frammøtte varamedlemmer:</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>	<b>Merknad</b>
Knut Farestveit	SO	Varamedlem	Vara for Ole Kristian Øvre Helland
Petter Benjamin Arnesen	SO	Varamedlem	Vara for Robert Helland

<b>Frå administrasjonen:</b>	<b>Funksjon:</b>	<b>Rolle</b>	<b>Merknad</b>
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Møtesekretær	
Tone Selmer Skuggevik	Teknisk sjef	Administrasjon	
Magne Verpelstad	Økonomisjef	Administrasjon	

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
036/2021	Godkjenning av innkalling og sakliste
037/2021	Godkjenning av møteprotokoll
038/2021	Referatsaker
039/2021	Orienteringssaker
040/2021	IKT Nordhordland - utviding med Aurland kommune og endring av samarbeidsavtale
041/2021	Vurdering av 0-konsesjonsforskrifta i Modalen kommune.
042/2021	Løyving til rassikring ved Bryggjeslottet
043/2021	Løyving til grunnundersøkingar på Mo

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	21/230

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
036/2021	Kommunestyret	PS	23.09.2021

### Godkjenning av innkalling og saksliste

#### Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

#### Saksopplysningar:

### Kommunestyret - 036/2021

#### KS - behandling:

Samrøystes vedteke

#### KS - vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-033	21/230

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
037/2021	Kommunestyret	PS	23.09.2021

### Godkjenning av møteprotokoll

#### Forslag til vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

#### Saksopplysningar:

### Kommunestyret - 037/2021

#### KS - behandling:

Samrøystes vedteke

#### KS - vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

#### Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 17.06.2021

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	21/230

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
038/2021	Kommunestyret	PS	23.09.2021

## Referatsaker

### Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
038/2021.1	Høyringsvar - endringar i pasientjournalloven mv.
038/2021.2	Protokoll 2-2021 Regionrådet Nordhordland, mandag 14. juni 2021

### Forslag til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

### Saksopplysningar:

### Kommunestyret - 038/2021

#### KS - behandling:

Samrøystes vedteke

#### KS - vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

**Vedlegg:**

Høyrings svar - endringar i pasientjournalloven mv.

VS Høyrings svar - endringar i pasientjournalloven mv.

Protokoll 2-2021 Regionrådet Nordhordland, mandag 14. juni 2021

Sak 13-21. Informasjon Visit Bergen

Sak 14-21. Presentasjon Elisabeth Halvorsen - MUHO

Sak 20-21. Felles strategiplan for helse- og omsorgssektoren i NH 2021 - 2031

Sak 21-21. Fag- og tenesutvikling - orientering Regionrådet

Sak 22-21. Mandat - vidareføring av psykologprosjekt i region Nordhordland

# Sakspapir

<b>Saksbehandler</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	21/230

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
039/2021	Kommunestyret	PS	23.09.2021

## Orienteringssaker

### Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
039/2021.1	Høring av vilkårsrevisjon Steinslands- og Modalsvassdraget
039/2021.2	Høyringsuttale - Regional transportplan Hordaland 2022-2033
039/2021.3	Høyringsuttale Regional transportplan
039/2021.4	Interkommunal plan for sjø - Planutvalet - møte 21.06.2021 - referat og vedteke planprogram
039/2021.5	Orientering - justering - kommunegrensa - Alver og Modalen alternativt Masfjorden

### Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

### Saksopplysningar:

### Kommunestyret - 039/2021

#### KS - behandling:

Ordførar orienterte om problem med epostutsendingar til nokre i kommunestyret i samband med folkevaldopplæringa fredag 24. sept.

Ordførar orienterte om søknad om utgreiing av grensejustering mellom Alver og Modalen kommunar. Kommunen skal gje ein uttale til Statsforvalteren innan 15. nov. Uttalen kjem til politisk handsaming i kommunestyret 4. nov.



Ordfører og Mari Hagenlund frå landbruk orienterte om høyring om revisjon av konsesjonsvilkår i Steinslands- og Modalsvassdraget. Kommunen har bedt om utsatt høyringsfrist til 15. nov for å kunne handsame saka i kommunestyret 4. nov. Mari Hagenlund på landbrukskontoret vert kommunen sin sakshandsamar i utforming av høyringuttalen. Det er aktuelt å nytte ekstern bistand frå til dømes LVK og hydrolog i tillegg.

Ordfører orienterte om årets TV aksjon, som er 24. okt. Mottakar er Plan International. Formannskapet er innsamlingskomite. Ordfører organiserer innsamlings- og opptellingsarbeidet. Ordfører orienterte om at staten ikkje ankar klagesaka om eigedomsskatt, som kommunane vann i Tingretten.

Ordfører orienterte om at Industriutvikling Vest(IUV) har fått oppdraget med gjennomgang av Modalen Næringsbygg. Kommunen har hatt oppstartsmøter med IUV for å konkretisere oppdraget i to delar: 1-teknisk/økonomisk gjennomgang og 2-potensiale for forretningsutvikling. Rapporten er venta ferdig rundt nyttår, og vil bli presentert for kommunestyret på første møte i 2022.

Rådmann og teknisk sjef orienterte kort om status for nybygget. Plan om innflytting rundt midten av desember.

Samrøystes vedteke

#### **KS - vedtak:**

Sakene vert tekne til orientering

#### **Vedlegg:**

Høyringsuttale - Regional transportplan Hordaland 2022-2033

Høyringsuttale Regional transportplan

Interkommunal plan for sjø - Planutvalet - møte 21.06.2021 - referat og vedteke planprogram

IKP Sjøareal NH Planprogram - vedtatt 21.06.2021

Orientering - justering - kommunegrensa - Alver og Modalen alternativt Masfjorden

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-026	21/215

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
025/2021	Formannskapet	PS	14.09.2021
040/2021	Kommunestyret	PS	23.09.2021

## **IKT Nordhordland - utviding med Aurland kommune og endring av samarbeidsavtale**

### **Forslag til vedtak:**

**Modalen kommune vedtar at IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap vert utvida med Aurland kommune.**

**Modalen kommune vedtar samarbeidsavtalen for IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap slik den ligg føre**

### **Saksopplysningar:**

#### **Bakgrunn**

Aurland kommune har hatt som mål å få til ei IKT-drift- og digitaliseringsutvikling i tråd med stadig aukande nasjonale og lokale forventningar. Kommunen ønskte å etablere eit meir føremålstenleg IKT-samarbeid for kommunen, der dei kunne oppnå høgare satsing på digitalisering og betre tenester knytt til IKT-drift. Målsetninga for Aurland kommune er å få så god og profesjonell drift som mogeleg.

Aurland kommune evaluerte fleire ulike IKT-samarbeid. I hovudsak skilte IKT Nordhordland seg ut i forhold til ein gjennomarbeidd styringsmodell med særskilt satsing innafør Digitalisering og innovasjon, i tillegg til dei gode tenestene knytt til IKTNH. Det vart og lagt vekt på det nære samarbeidet med Digi Vestland.

Aurland har sidan 2020 hatt ei stor prosjektgruppe som har jobba med kartlegging og utarbeiding av sakspapir for å komme fram til ei riktig beslutning.

Aurland kommune har i utgreiinga si kome fram til at dei ønskjer å samarbeida med IKTNH. Både i formannskapet og kommunestyret har rådmannen sin tilråding vore einstemmig godkjent.

1. Tilråding frå rådmannen: Aurland kommune trer ut av ÅLA-samarbeidet innan IKT 31.12.2021, jamfør KS-058/11.
2. Rådmannen får mynde til å utarbeide avtale med IKTNH.
3. Avtalen vert lagt fram for godkjenning i formannskapet 10. juni og kommunestyret 17. juni 2021.
4. Det blir sett av kr. 500.000,- til overgangskostnadar og naudsynte investeringar.
5. Investeringane blir finansiert ved omdisponeringar på investeringsbudsjettet, og blir lagt fram i samband med handsaminga av 1. tertial 2021.

#### **Vurdering**

Basert på Aurland kommune sitt klåre ønskje om deltaking i IKTNH-samarbeidet, har IKTNH og DIR/NUI greidd ut nærare detaljar kring eit slikt samarbeid. Utgreiinga konkluderer med at ei slik utviding vil vera gunstig både for Aurland kommune, IKTNH og DIR, og har følgjande tilråding:

Ei utviding vil medføre betre utnytting av kapasitet og kompetanse i IKTNH. Dette vil frigjera økonomiske ressursar som kan styrkje utviklinga av betre tenester og arbeidsprosessar. Dette gir stort potensiale for gevinstrealisering i tenesteproduksjon og innbyggjardialog.

Prosjektet rår difor til at dei auka økonomiske ressursane vert nytta til å styrke innsatsen inn mot Digitalisering og Innovasjon sine behov i forbindelse med å utvikle fleire tenester, samt å auke servicegraden til dei eksisterande kommunane.

#### **Endring av samarbeidsavtalen**

Aurland kommune vert deltakar i § 19 samarbeidet på lik linje med dei noverande kommunane i samarbeidet. Dette medfører ei utviding av oppgåvefelleskapet og endring av samarbeidsavtalen. Styret i IKTNH har handsama den nye samarbeidsavtalen, og den er godkjent av representantskapet i IKTNH. Kommunestyra i alle deltakarkommunane, medrekna Aurland kommune, må godkjenna den nye samarbeidsavtalen før den vert gjeldande.

#### **Konklusjon**

Kommunelova§ 19 set formelle krav til kommunalt oppgåvefelleskap. Desse krava er ivaretatt i vedlagte forslag til samarbeidsavtale. Utviding av IKT Nordhordland krev at alle medlemskommunane gjer like vedtak.

Rådmannen tilrår at kommunestyret følj framlegg til vedtak.

#### **Formannskapet - 025/2021**

#### **FOR - behandling:**

Rådmannen orienterte om saka og svara på spørsmål.

Samrøystes vedteke

**FOR - vedtak:**

Modalen kommune vedtar at IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap vert utvida med Aurland kommune.

Modalen kommune vedtar samarbeidsavtalen for IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap slik den ligg føre

**Kommunestyret - 040/2021****KS - behandling:**

Rådmannen orienterte om saka og svara på spørsmål  
Samrøystes vedteke

**KS - vedtak:**

Modalen kommune vedtar at IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap vert utvida med Aurland kommune.

Modalen kommune vedtar samarbeidsavtalen for IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap slik den ligg føre

**Vedlegg:**

Utgreiing - Utviding av IKT Nordhordland med Aurland kommune  
Samarbeidsavtale IKT Nordhordland 2022 med Aurland

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Kjell Langeland	FA-V60, TI-&18	21/243

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
041/2021	Kommunestyret	PS	23.09.2021

## Vurdering av 0-konsesjonsforskrifta i Modalen kommune.

### Forslag til vedtak:

Saka vert lagt fram for politisk handsaming utan tilråding.

Kommunestyre vedtek å vidareføra 0-konsesjonforskrifta slik den ligg føre i dag.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Administrasjonen har hatt ein del hendvingingar ang. 0 konsesjons forskrifta for Modalen kommune, og ynskjer å leggja saka fram til politisk drøfting.

Med konsesjon meiner ein løyve til erverv av fast eigedom. Reglane om konsesjon står i konsesjonslova med tilhøyrande forskrift.

0 Konsesjon (lokalforskrift om konsesjonsplikt bebygd eigedom i Modalen kommune) vart innført 25.10.1991. ( og endra 31.08.2001)

Bakrunnen var at ein ville hindra at brukbare bustadhus berre vart nytta til fritidsbustad. Det betyr at dersom ein ynskjer å nytta eit bustadhus til fritidsbustad, må det søkjast om konsesjon.(gjeld ikkje for nær slekt.)

Endringa frå 1991 til 2001 er at konsesjonsfridom for eigedom inntil 20 dekar der det er bygd på, og eigedomen er eller har vore nytta som heilårsbustad, er sett ut av kraft. Unntaket er der eigaren forpliktar seg til at eigedomen vert nytta til heilårsbustad, og eigedommar der det er bygd fritidsbustader på.

## Vurdering

Landbruksdirektoratet har etter konsesjonslova § 7 mynde til å fastsetje, endre eller oppheva kommunale forskrifter om nedsatt konsesjonsgrense, etter søknad frå kommunen. Den enkelte kommune skal ha stor innverknad på spørsmål om det skal fastsetjast forskrift om nedsatt konsesjonsgrense, eller om forskrift skal endrast eller opphevast.

Dersom kommunen vil endra eller oppheva forskrifta må ein sjå nærmare på om forskrifta fungerer slik den skal.

Grunngjevinga kan vera at forskrifta ikkje er naudsynt for å hindra eigedom som bør nyttast til heilårsbustad vert nytta til fritidsføremål i heile eller deler av kommunen. Ei anna årsak er at kommunen ikkje lenger ynskjer å nytta 0 konsesjonsforskrifta som verkemiddel for å oppretthalda busetting på desse eigedomane. For eksempel kan eit ynskje om privat eigeråderett må gå føre hensyn til busetnad.

Modalen kommune har motteke ein søknad om fritak frå buplikt på ein eigedom som eigar ynskjer å selgja. Dersom det ikkje er buplikt på eigedommen vil det truleg vera lettare å selja og kanskje få ein betre pris. Kommunen kan ikkje handsama denne søknaden på noverande tidspunkt, då det ikkje er ein konkret søkjar til eigedommen. Det er ny eigar som må søkja om konsesjon dersom vilkåra for eigenerklæring ikkje er til stades. Modalen kommune har ikkje tidlegare handsama søknader om konsesjon på bustader som ein ynskjer å nytta som fritidsbustad. Men vi har fått fleire munnlege førespurnader om kva reglar som gjeld.

I rapportar ang. buplikt på bustadeigedommar er det ikkje funne bevist at buplikt fører til auka busetnad. Det kan vera vanskeleg å oppfylla buplikta pga. mangel på arbeid eller andre forhold. Buplikta kan virka prisdempande og kan føra til at færre eigedommar vert lyst ut for salg.

Kontroll i forhold til konsesjon skjer i praksis ved eigenerklæring om konsesjonsfridom. Handsaming av eigenerklæringar er tids- og ressurskrevjande for vidare oppfylging i kommunen.

På landsbasis er det no 42 kommunar som har 0 konsesjon. I 2001 var det 75 kommunar. I Vestland fylke er det berre Modalen som har 0 konsesjon.

## Konklusjon

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Dersom kommunen vel å oppheva forskrifta, må saka ut på høyring.

## **Kommunestyret - 041/2021**

### **KS - behandling:**

Ordfører orienterte om bakgrunnen for saka.

Teknisk sjef Tone Selmer Skuggevik og konsulent på teknisk Kjell Langeland svara på spørsmål.

Ove Eidsnes fremma forslag om å prøverøyste over å utsetje saka. Prøverøystinga om utsetjing fekk 5 stemmer for og 6 stemmer mot utsetjing. Dei som røysta for utsetjing av saka var Ove Eidsnes, Kjetil Eikefet, Liv Anne Aanensen, Anne Britt Almelid og Roger Fure.

Ordfører tok Håvard Engeseth sitt framlegg til vedtak opp til votering. 7 stemte for vedtaket og 4 stemte mot. Dei som røysta mot framlegget var Kjetil Eikefet, Ove Eidsnes, Anne Britt Almelid og Roger Fure

### **KS - vedtak:**

Kommunestyre vedtek å vidareføra 0-konsesjonforskrifta slik den ligg føre i dag.

### **Vedlegg:**

Politisk handsaming 1991 og 2001

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Magne Verpelstad	FE-151	20/288

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
042/2021	Kommunestyret	PS	23.09.2021

### Løyving til rassikring ved Bryggjeslottet

#### Forslag til vedtak:

Rådmannen tilrår at det vert løyvd totalt kr 2 910 000 inkl mva til rassikring ved Bryggjeslottet, prosjekt nr K03127.

#### Finansiering:

Omdisponering av løyvingar	kr 1 600 000	
Auka utgift i inv.budsjettet	kr 1 310 000	(2 910 000 – 1 600 000)

#### Dekkast slik:

Bruk av næringsfond	kr 1 048 000
Auka mva kompensasjon	kr 262 000

#### Spesifikasjon av omdisponering. Midlane omdisponerast frå følgjande prosjekt:

· Uføresette investeringar	kr 200 000	Prosjekt nr 03116
· VA-tiltak av investeringsmessig karakter	kr 400 000	Prosjekt nr 03113
· Ventilasjonsanlegg Modalstunet	kr 500 000	Prosjekt nr 03124
· Uteområde Mo skule	kr 500 000	Prosjekt nr 03126
· <b>TOTALT</b>	<b>kr 1 600 000</b>	

Kommunestyret vedtek at det vert løyvd totalt kr 2 910 000 inkl mva til rassikring ved Bryggjeslottet, prosjekt nr K03127.



Finansiering:

Omdisponering av løyvingar kr 1 000 000

Auka utgift i inv.budsjettet kr 1 910 000 (2 910 000 – 1 000 000)

Dekkast slik:

Bruk av næringsfond kr 1 528 000

Auka mva kompensasjon kr 382 000

Spesifikasjon av omdisponering. Midlane omdisponerast frå følgjande prosjekt:

Uføresette investeringar kr 200 000 Prosjekt nr 03116

VA-tiltak av investeringsmessig karakter kr 400 000 Prosjekt nr 03113

Ventilasjonsanlegg Modalstunet kr 400 000 Prosjekt nr 03124

TOTALT kr 1 000 000

Nytt forslag

**Saksopplysningar:**

**Bakgrunn**

I samband med raset i fjellsida over Bryggjeslottet i mai 2021, er det behov for sikrings- og renskingsarbeid, geologarbeid m.m. med vesentlege kostnader.

Oppdatert kostnadsoverslag:

Fjellsikring	1 275 000
Geolog	600 000
Sikring av bygg	625 000
Sprengmatter	80 000
Inngjerding	80 000
Liftleige	50 000
Diverse*	100 000
Bortkøyring og rydding	100 000
<b>Totalt inkl mva</b>	<b>2 910 000</b>

\*Diverse omfattar m.a. helikopterbruk, maskiner og utstyr

### **Vurdering**

Arbeid med sikring og rensking er heilt nødvendig for å kunne ta bygget i bruk igjen, og sikre både brukarar av Bryggjeslottet og ferdsle i området rundt Bryggjeslottet.

Arbeid frå fjellsikringsfirma er starta opp. Dei har avdekkja behov for å renska mykje lausmassar før sikringsarbeid av det gjenståande kan gjennomførast. Dette aukar kostnadane mykje.

Tiltaket vert vurdert å vere av investeringsmessig karakter, og utgiftsførast og finansierast i investeringsrekneskapen/-budsjettet.

### Finansiering:

Det er ulike finansieringskjelder som kan nyttast for å finansiere desse utgiftene:

- Omdisponering av løyvingar til andre investeringsprosjekt som ikkje er brukt enno.
- Bruk av midlar frå Næringsfond
- Bruk av midlar frå Generelt disposisjonsfond
- Låneopptak

Ang omdisponering av løyvingar til andre investeringsprosjekt:

I investeringsbudsjettet for 2021 er det løyvd midlar til 4 prosjekt der utgifter enno ikkje er påløpt. Dette gjeld:

- |  |            |
|--|------------|
| · Uføresette investeringar                 | kr 200 000 |
| · VA-tiltak av investeringsmessig karakter | kr 400 000 |
| · Ventilasjonsanlegg Modalstunet           | kr 500 000 |
| · Uteområde Mo skule                       | kr 500 000 |

Desse midlane kan såleis omdisponerast. Dei aktuelle prosjekta må då få nye løyvingar i komande budsjett/økonomiplan dersom dei skal gjennomførast.

Ang bruk av næringsfond:

Tiltak til rassikring vert vurdert å vere innafor det som næringsfondet kan nyttast til når det gjeld «Kommunale fellestiltak som tryggjer og auker busetnaden i Modalen kommune», jfr vedtektene for næringsfondet, samt «Tilrettelegging for sentrumsutvikling med tiltak for å styrkje handel og aktivitet i Mo sentrum», jfr Strategisk næringsplan.

Bruk av næringsfondet til finansiering av rassikring vil medføre færre midlar til å finansiere næringsretta tiltak.

Pr 1.1.21 er det rekneskapsført kr 3,6 millionar på næringsfondet. Dette er oppdatert etter avslutning og revidering av rekneskapen for 2020. Basert på opprinneleg budsjettert tilgang og bruk av næringsfondet i 2021 er næringsfondet venta å auke til om lag kr 4,5 millionar pr 1.1.22.

Ang bruk av Generelt disposisjonsfond:

Generelt disposisjonsfond er midlar som kan nyttast både til å finansiere driftsutgifter og investeringsutgifter. Desse midlane er fullt og heilt til kommunestyret sin disposisjon utan avgrensing av andre enn kommunestyret sjølv. Det er viktig å ha tilgjengelege midlar på disposisjonsfond som buffer for uføresette hendingar både i drifta og på investeringsida.

Pr 1.1.21 er det rekneskapsført kr 1,9 millionar på Generelt disposisjonsfond. Dette er oppdatert etter avslutning og revidering av rekneskapen for 2020. Basert på opprinneleg budsjettert tilgang og bruk av disposisjonsfondet i 2021 skulle fondet auke til om lag kr 3,9 millionar pr 1.1.22. På bakgrunn av justeringar av driftsbudsjettet som vart gjort i samband med 1. tertialrapportering 2021, er det lagt til grunn ein reduksjon/forverring av fondskapitalen med om lag kr 1,2 millionar. Stipulert nivå pr 1.1.22 er såleis kr 2,7 millionar.

I budsjettet for 2020 var det lagt inn midlar til ny bil til Modalstunet/barnehagen. Denne bilen vart kjøpt i 2021. Løyvinga er ikkje flytta over til 2021-budsjettet. Dette er planlagt gjort i samband med 2. tertialrapportering. Aktuell finansiering vil då vere generelt disposisjonsfond. Stipulert nivå pr 1.1.22 vil då verte kr 1,9 millionar.

Ang låneopptak:

Modalen kommune har historisk hatt låg lånegjeld. Praxis har i hovudsak vore å finansiere investeringane med oppsparte, avsette midlar. Men investeringsprosjekt med særskilt høg utgift har vore vanskeleg å finansiere på denne måten. Såleis vart det gjort låneopptak i 2005/2006 i samband med bygginga av Bryggjeslottet, samt i samband med oppgraderinga av brannstasjonen og bygging av nytt nærings- og tenestesenter i 2020/2021.

Lånegjelda til kommunen aukar såleis mykje i 2021, noko som bidrar til auka rente- og avdragsbelastning i driftsrekneskapen i åra som kjem.

Oppsummering av finansieringsalternativa:

Rådmannen vil tilrå at kommunen så langt som råd finansierer utgiftene til rassikringa ved å omdisponere unytta investeringsmidlar. Dette vil gje minst negative konsekvensar for den samla økonomien til kommunen. Kommunestyret vil få høve til å prioritere desse tiltaka på ny i komande budsjett- og økonomiplanprosess som står for døra i haust.

Rådmannen vil tilrå at utgifter som ikkje let seg finansiere ved omdisponering av andre løyvingar, vert dekkja frå næringsfondet så langt som råd. Dette vil påverke næringsfondskapitalen negativt og redusere handlingsrommet som kommunen har til å gje stønad til næringsretta tiltak og prosjekt, samt andre tiltak innanfor det næringsfondet kan nyttast til. Generelt disposisjonsfond er bufferkapital som kommunen har behov for, til å handtere uføresette hendingar i alle delar av kommunen si verksemd, og bør skjermast mest mogleg.

Rådmannen vil ikkje tilrå at lånegjelda vert auka for å finansiere desse utgiftene. Lånegjelda er auka svært mykje dei 2 siste åra, og det har vore lagt til grunn at det ikkje skal lånefinansierast ytterlegare utgifter til investeringar no.

### Konklusjon

Rådmannen tilrår at det vert løyvd totalt kr 2 910 000 inkl mva til rassikring ved Bryggjeslottet, prosjekt nr K03127.

Finansiering:

Omdisponering av løyvingar	kr 1 600 000	
Auka utgift i inv.budsjettet	kr 1 310 000	(2 910 000 – 1 600 000)

Dekkast slik:

Bruk av næringsfond	kr 1 048 000
Auka mva kompensasjon	kr 262 000

Spesifikasjon av omdisponering. Midlane omdisponerast frå følgjande prosjekt:

· Uføresette investeringar	kr 200 000	Prosjekt nr 03116
· VA-tiltak av investeringsmessig karakter	kr 400 000	Prosjekt nr 03113
· Ventilasjonsanlegg Modalstunet	kr 500 000	Prosjekt nr 03124
· Uteområde Mo skule	kr 500 000	Prosjekt nr 03126
· <b>TOTALT</b>	<b>kr 1 600 000</b>	

## **Kommunestyret - 042/2021**

### **KS - behandling:**

Rådmann, økonomisjef og teknisk sjef orienterte om saka og svara på spørsmål.  
Ordførar fremma forslag til alternativt vedtak som vart teke til votering. Samrøystes vedteke.  
Ordførar sitt framlegg inneber at 500 000 kr til uteområdet på Mo skule og 100 000 kr til ventilasjonsanlegg på Modalstunet frå budsjettet for 2021 ikkje vert omdisponert til rassikring.

### **KS - vedtak:**

Kommunestyret vedtek at det vert løyvd totalt kr 2 910 000 inkl mva til rassikring ved Bryggjeslottet, prosjekt nr K03127.

Finansiering:

Omdisponering av løyvingar kr 1 000 000

Auka utgift i inv.budsjettet kr 1 910 000 (2 910 000 – 1 000 000)

Dekkast slik:

Bruk av næringsfond kr 1 528 000

Auka mva kompensasjon kr 382 000

Spesifikasjon av omdisponering. Midlane omdisponerast frå følgjande prosjekt:

Uføresette investeringar kr 200 000 Prosjekt nr 03116

VA-tiltak av investeringsmessig karakter kr 400 000 Prosjekt nr 03113

Ventilasjonsanlegg Modalstunet kr 400 000 Prosjekt nr 03124

TOTALT kr 1 000 000

# Sakspapir

<b>Saksbehandler</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Magne Verpelstad	FE-151	20/288

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
043/2021	Kommunestyret	PS	23.09.2021

## Løyving til grunnundersøkingar på Mo

### Forslag til vedtak:

Det vert løyvd kr 600 000 til geologiske undersøkingar på Mo. Løyvinga vert lagt til rammeløyvinga til Teknisk etat som aukast frå kr 15 299 425 til kr 15 899 425.

Utgifta vert finansiert ved bruk av midlar frå næringsfondet.

Kommunestyret ber om administrasjonen arbeider vidare med anbudsgrunnlaget for grunnundersøkingar, og ber om at midlar til grunnundersøkingar vert lagt inn i budsjettframlegg for 2022.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

I samband med bekymringsmeldingar knytt til grunntilhøva på Mo, tek rådmannen sikte på å hente inn anbod på geologiske undersøkingar. Som kjent har det vore meldt om skader på bygningar i området knytt til mogleg rørsle i grunnen. Det er viktig å få avklart årsaken til desse hendingane, og kva som evt kan gjerast med dette. Det er behov for å få sett av midlar til dette arbeidet. Behovet stipulerast til kr 600 000.

#### Vurdering

Det vert vurdert at dette arbeidet ikkje er av investeringsmessig karakter. Utgiftene må difor rekneskapsførast og finansierast i driftsrekneskapen/-budsjettet.

Alternative finansieringskjelder kan vere:

- Næringsfondet
- Omdisponering av midlar/bruk av meirinntekt
- Generelt disposisjonsfond

Ang bruk av næringsfondet:

Dette vert vurdert å vere innafor det som næringsfondet kan nyttast til når det gjeld: «Kommunale fellestiltak som tryggjer og auker busetnaden i Modalen kommune», jfr vedtektene for næringsfondet.

Bruk av næringsfondet til finansiering av slike undersøkingar vil medføre færre midlar til å finansiere næringsretta tiltak.

Pr 1.1.21 er det rekneskapsført kr 3,6 millionar på næringsfondet. Dette er oppdatert etter avslutning og revidering av rekneskapen for 2020. Basert på opprinneleg budsjettet tilgang og bruk av næringsfondet i 2021 er næringsfondet venta å auke til om lag kr 4,5 millionar pr 1.1.22.

Det vert vist til saka om løyving til rassikring, der det vert tilrådd bruk av kr 1 048 000 frå næringsfondet. Dersom det vert gjennomført ved bruk av næringsfondsmidlar vil stipulert nivå pr 1.1.22 vere redusert til om lag kr 3,45 millionar pr 1.1.22. Finansiering av grunnundersøkingar ved bruk av næringsfondet, vil redusere stipulert nivå ytterlegare til om lag 2,85 millionar pr 1.1.22.

Angående omdisponering av midlar/bruk av meirinntekt:

Pr utgangen av august er inntekta frå sal av konsesjonskraft i tråd med årsbudsjettet. Kraftprisane er høge, og det er såleis venta at kommunen vil få høg pris for konsesjonskrafta dei siste månadane i året òg, og såleis få ei betydeleg meirinntekt som kan nyttast til å finansiere utgifter til grunnundersøking. Me står no føre 2. tertialrapportering. Det kan vere negative avvik i drifta elles som det er behov for midlar til å dekke opp. Såleis vil det vere hensiktsmessig å ha den venta meirinntekta i bakhånd som ein buffer mot eventuelle negative avvik.

Ang bruk av Generelt disposisjonsfond:

Generelt disposisjonsfond er midlar som kan nyttast både til å finansiere driftsutgifter og investeringsutgifter. Desse midlane er fullt og heilt til kommunestyret sin disposisjon utan avgrensing av andre enn kommunestyret sjølv. Det er viktig å ha tilgjengelege midlar på disposisjonsfond som buffer for uføresette hendingar både i drifta og på investeringsida.

Pr 1.1.21 er det rekneskapsført kr 1,9 millionar på Generelt disposisjonsfond. Dette er oppdatert etter avslutning og revidering av rekneskapen for 2020. Basert på opprinneleg budsjettet tilgang og bruk av disposisjonsfondet i 2021 skulle fondet auke til om lag kr 3,9 millionar pr 1.1.22. På bakgrunn av justeringar av driftsbudsjettet som vart gjort i samband med 1. tertialrapportering 2021, er det

lagt til grunn ein reduksjon/forverring av fondskapitalen med om lag kr 1,2 millionar. Stipulert nivå pr 1.1.22 er såleis kr 2,7 millionar.

I budsjettet for 2020 var det lagt inn midlar til ny bil til Modalstunet/barnehagen. Denne bilen vart kjøpt i 2021. Løyvinga er ikkje flytta til 2021-budsjettet. Det er planlagt gjort i samband med 2. tertialrapportering. Aktuell finansiering vil då vere generelt disposisjonsfond. Stipulert nivå pr 1.1.22 vil då verte kr 1,9 millionar.

### **Konklusjon**

Arbeidet med geologiske undersøkingar, er viktig å få gjennomført. Det er ikkje rom for å finansiere utgiftene innanfor gjeldande driftsløyvingar. Rådmannen legg til grunn at det er viktig å skjerme midlane på Generelt disposisjonsfond. Dersom tiltaket skal finansierast med fondsmidlar vert det såleis tilrådd å nytte næringsfondet.

Det vil truleg vere realistisk at kommunen vil få meirinntekt når det gjeld konsesjonskraftinntekt i 2021 som er høg nok til å dekke denne løyvinga. Det er likevel ikkje sikkert. Det er òg slik at det kan vere andre negative avvik i drifta, der denne meirinntekta kan nyttast som saldering, og ein bør såleis ha venta meirinntekt som buffer for dette i årets driftsbudsjett/-rekneskap.

Tilrådinga vert difor å nytte næringsfondet.

### **Kommunestyret - 043/2021**

#### **KS - behandling:**

Ordførar, rådmannen og teknisk sjef orienterte kort om saka og svara på spørsmål.

Håvard Engeseth fremma forslag om at løyvingane til grunnundersøkingane vert utsett til 2022, og at administrasjonen legg desse midlane inn i rådmannen sitt budsjettframlegg til kommunestyret i desember.

Ordførar tok Håvard Engeseth sitt framlegg til vedtak opp til votering. Samrøystes vedteke

#### **KS - vedtak:**

Kommunestyret ber om administrasjonen arbeider vidare med anbudsgrunnlaget for grunnundersøkingar, og ber om at midlar til grunnundersøkingar vert lagt inn i budsjettframlegg for 2022.